

REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE I SAMNANGER KOMMUNE

Vedteke av Samnanger kommunestyre 27.09.2007. Sist ajourført 20.02.2019.

Reglementet gjeld frå og med budsjettåret 2008.

1. Ordførargodtgjersle

Ordførar har i 2019 ei godtgjersle på kr. 813.000,- pr. år. *(Då reglementet vart vedteke hadde ordføraren ei godtgjersle på kr. 450.000 pr. år. Etter vedtak i kommunestyret i perioden 2009 – 2018 har godtgjersla auka til kr. 813.000,- pr. 01.01.2019).*

Etter vedtak i kommunestyret 08.11.2018 skal godtgjersla til ordførar frå og med 2019 vera 85% av godtgjersla til stortingsrepresentantane. Godtgjersla vert regulert 1. januar kvart år.

Ordførarvervet vert fastsett til 100% stilling. Ordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjersle. Ordførar vert meldt inn i pensjonsordninga for folkevalde. *(Presisering: kommunestyret vedtok 25.09.2013 i sak 050/13 at Samnanger kommune for framtida skal ha same pensjonsordning for folkevalde som for tilsette).* Godtgjersla til ordførar vert utbetalt i inntil 50 veker ved sjukdom.

Ordførar skal omfattast av § 10 i Hovudtariffavtalen - ytelsar etter dødsfall/gruppelivsforsikring - på linje med tilsette i kommunen.

Ordførar har rett til ettergodtgjersle etter utløp av funksjonstida:

- Ordførar som stiler til attval, men som ikkje vert attvalt:
 - Det skal i utgangspunktet utbetalast ettergodtgjersle i tre månader. Dersom ordføraren går over i ny stilling eller til pensjon i løpet av denne tremånadersperioden, vert perioden for etterløn redusert tilsvarande, likevel slik at det minst skal utbetalast etterløn tilsvarande 1,5 månadsgodtgjersle.
- Ordførar som ikkje stiler til attval:
 - Det vert utbetalt etterløn tilsvarande 1,5 månadsgodtgjersle.

2. Godtgjersle til varaordførar

Varaordførar har i 2019 ei godtgjersle på kr. 48.800 pr. år. *(Då reglementet vart vedteke hadde varaordføraren ei godtgjersle på kr. 26.000 pr. år. Etter vedtak i kommunestyret i perioden 2009 – 2018 har godtgjersla auka til kr. 48.800 pr. 01.01.2019).*

Etter vedtak i kommunestyret 16.11.2017 skal godtgjersla til varaordførar frå og med 2018 vera 6% av ordførargodtgjersla.

Den faste godtgjersla er mellom anna kompensasjon for funksjonen som stadfortredar for ordførar i feriar og ved kortare sjukefråvær hos ordføraren (opptil ein "arbeidsgjevarperiode" på 16 dagar) og på arrangement der varaordførar møter i staden for ordføraren.

I tillegg til den faste godtgjersla vert det utbetalt møtegodtgjersle til varaordførar.

Dersom ordførar vert indisponert i ein lengre periode på grunn av sjukdom e.l. og varaordførar overtek alle oppgåvene til ordførar, skal varaordførar ha utbetalt ordførargodtgjersle. Kommunestyret må i det enkelte tilfelle ta stilling til kva tidspunkt utbetalinga av ordførargodtgjersle skal gjelda frå.

Dersom varaordførar berre overtek delar av ordførar sine oppgåver, kan kommunestyret fastsetja ei passande godtgjersle.

3. Godtgjersle til leiarar av utval

- 3.1 Leiar av utvalet for naturutvalet og kontrollutvalet får ei godtgjersle på 2,25% av ordførargodtgjersla pr. år. Dekking av telefonutgifter er inkludert i denne godtgjersla.
- 3.2 Leiar i eldrerådet får ei godtgjersle på 0,75% av ordførargodtgjersla pr. år.
- 3.3 Leiarar i andre styre/råd/utval får ikkje fast årleg godtgjersle, berre møtegodtgjersle, dersom kommunestyret ikkje bestemmer noko anna når styret/rådet/utvalet vert oppretta.

Ved fråvær frå meir enn 1/3 av møta i eit kalenderår vert godtgjersla redusert med 25% av årleg fast godtgjersle. Fråvær

som skuldast sjukdom - legitimert med legeattest - skal ikkje føra til reduksjon i godtgjersla.

Dersom utvalsleiar har vore indisponert på grunn av sjukdom e.l. samanhengjande i to månader og framleis er indisponert, får nestleiar utbetalt leiargodtgjersle frå og med den tredje månaden. Dersom det før det har gått to månader er klart at leiaren vert indisponert i lengre tid, kan kommunestyret bestemma at nestleiar skal få utbetalt leiargodtgjersle før leiaren har vore indisponert i to månader.

Kyrkjestyret/soknerådet vedtek sjølve kva ordning/sats dei skal ha for økonomisk godtgjersle til leiar, men ordninga må haldast innanfor kyrkjestyret/soknerådet si budsjettramme. Ved kommunestyret si budsjettildeling til kyrkjestyret/soknerådet vert det lagt til grunn same satsar for leiargodtgjersle som tidlegare gjaldt for overformynderiet (1% av ordførargodtgjersla) og same satsar for møtegodtgjersle som for andre møte i kommunale styre/råd/uval. Det vert vidare lagt til grunn ein møtefrekvens på 10 årlege møte.

4. Møtegodtgjersle

4.1 (punkt 4.1 vart revidert av kommunestyret 13.12.2018)

- a) Høg sats - Møtegodtgjersle på 0,2% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer og varamedlemmer i kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, kontrollutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, røystestyra, sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnda for eigedomsskatt.
- b) Låg sats - Møtegodtgjersle på 0,1% av ordførargodtgjersla vert utbetalt til møtande medlemmer og varamedlemmer i andre råd, styre, utval, komitear og nemnder som er oppretta av kommunestyret med heimel i kommunelova eller særlov. Det vert berre utbetalt møtegodtgjersle til folkevalde, ikkje til medlemmer som representerer andre enn Samnanger kommune.
- c) Kommunestyret kan bestemma at høg sats skal utbetalast òg til andre råd, styre, utval, komitear og nemnder enn dei som er lista opp i punkt a. Dette bør berre gjerast dersom det er grunn til å tru at arbeidsbelastninga for medlemmene vil vera stor.

Kommunestyret kan òg bestemma at det skal utbetalast møtegodtgjersle til andre medlemmer enn folkevalde.

- d) For ungdomsrådet fastset kommunestyret eigen sats for møtegodtgjersle.

4.2 Kommunalt tilsette og andre som i kraft av si stilling har møteplikt i kommunale organ får ikkje møtegodtgjersle for møte som vert haldne i arbeidstida deira. For møte utanom arbeidstida vert det utbetalt møtegodtgjersle også til denne gruppa.

Kyrkjestyret/soknerådet vedtek sjølve kva ordning/satsar dei skal ha for møtegodtgjersle. Ordninga må haldast innanfor kyrkjestyret/soknerådet si budsjettramme.

5. Møtetidspunkt

Ajourført informasjon 22.12.2017:

Då dette reglementet vart vedteke av første gong i 2007, vart det lagt opp til at møta i kommunestyret normalt skulle haldast på dagtid. Det har seinare vorte bestemt at møta i kommunestyret normalt skal haldast på ettermiddagstid. Møtestart er vanlegvis kl. 16.00. Unnateke frå dette er juni-møtet og desember-møtet, som er heildagsmøte.

Møta i formannskapet og utvala vert også vanlegvis haldne på ettermiddagstid. Dei siste åra har praksis vore at møtestart for formannskapet og naturutvalet vanlegvis er kl. 15.00, kontrollutvalet kl. 14.00, administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet kl. 13.00. Elles er hovudregelen i kommunen at møta i politiske råd og utval vert lagt til det tidspunkt utvala sjølv finn mest høveleg, men i hovudsak etter kl. 14.00.

Sjå også punkt 2.22 i [kommunen sitt reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet](#).

6. Tapt arbeidsforteneste, godtgjersle for barnepass/tilsyn eldre

Dersom det ved innsendt krav er naudsynt å godtgjera tapt arbeidsforteneste for møte i kommunale styre, råd og utval skal følgjande satsar nyttast:

6.1

Legitimert tap:

Inntil kr. 3.500,- pr. møte/reisedag. Summen inkluderer også evt. tapte feriepengar.

Dette gjeld alt legitimert tap, også for sjølvstendige næringsdrivande. Møte som varar mindre enn 3 timar vert godtgjort med inntil kr. 1.100,-. Summen inkluderer også evt. tapte feriepengar.

Ulegitimert tap for sjølvstendig næringsdrivande:

Gjeld sjølvstendig næringsdrivande som har hatt eit økonomisk tap, men som ikkje kan legitimera/ dokumentera kor stort tapet har vore.

- Møte som varer mindre enn 3 timar vert godtgjort med kr. 1.000.
- Møte som varer frå 3 til 6 timar vert godtgjort med kr. 2.000.
- Møte som varer meir enn 6 timar vert godtgjort med kr. 3.000.
- Reisetid til/frå møte i kommunen vert medrekna i møtetida.
- Møtetid etter kl. 17.00 vert ikkje godtgjort.

(Pkt. 6.1. vart revidert av kommunestyret 20.06.2012).

6.2 For medlemmer i politiske styre, råd og utval vert det betalt godtgjersle som for legitimerede krav ved tilsyn av barn/eldre.

6.3 Dersom den folkevalde ønskjer å få dekkja tapt arbeidsforteneste i samband med deltaking på kurs, møte og liknande utanom kommunen, må det søkjast (skriftleg eller munnleg) om dette på førehand. Det vert delegert til ordføraren å ta avgjerd i slike saker.

(Presisering av punkt 6, vedteken av formannskapet i 08.02.2012:

- *I samband med deltaking på møte i kommunale styre, råd og utval dekkar kommunen berre tapt arbeidsforteneste for folkevalde som er trekte i lønn, i samsvar med ordlyden i punkt 6 i Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune. Kommunen dekkar ikkje utgifter arbeidsgjevarar har hatt i samband med folkevalde si deltaking på møte i kommunale styre, råd og utval. Det gjeld eigne reglar for sjølvstendige næringsdrivande – jmf. pkt 6.1.)*

7. Reiseutgifter, dekking av telefonutgifter

Medlemer i politiske styre, råd og utval får dekkja faktiske reiseutgifter (rimelegaste måte) i samband med møte. Andre reiser i kraft av politiske verv vert dekkja etter det kommunale reiseregulativet.

Dersom den folkevalde ønskjer å få dekkja reiseutgifter i samband med deltaking på kurs, møte og likande utanom kommunen, må det på førehand søkjast om dette (skriftleg eller munnleg). Det vert delegert til ordførar å ta avgjerd i slike saker.

Rekninga skal sendast til kommunen innan 1. desember.

Reglar for telefongodtgjersle:

- 7.1 Ordførar får disponera kommunal mobiltelefon både i og utanom arbeidstida.
- 7.2 Varaordførar får kr. 1.000,- i telefongodtgjersle pr. år.

8. Andre tillitsverv

Folkevalde som er kommunen sine representantar i ulike styre, råd og utval, og får ytingar direkte frå desse, skal ikkje samstundes ha tilsvarande godtgjersle frå kommunen.

9. Utbetalingar

Fast godtgjersle til ordførar og varaordførar vert utbetalt månadleg.

Fast godtgjersle til leiarar i utval vert utbetalt ein gong kvart halvår, normalt i juni og desember.

Møtegodtgjersle vert utbetalt i desember.

Tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter og godtgjersle for barnepass/pass av eldre vert utbetalt ved første lønnskjøring etter at kravet er levert inn.

10. Tolking

Mynde til å avgjera spørsmål/tvister om tolking av reglementet er lagt til formannskapet.